



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: 14/3975

Vår dato: 24.06.2014

Vår ref.: 2014/5735

Arkivnr.: 333

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Att. Martin Hill Oppegaard

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtaler før iverksetjing av kommunereforma

Vi viser til brev frå departementet av 14.5.2014 der det blir føreslått ei lovendring om godkjenning av kommunale låneopptak m.v fram til ei kommunereform blir sett i verk.

Vi ser at det kan vera grunnar som talar for ei slik ordning, men går ikkje nærare inn på dette. Derimot vil vi ta opp ein del praktiske sider og moglege konsekvensar.

Føremålet er å unngå disposisjonar som skaper problem for samanslåingar, her også lokaliseringar. Dette tilseier at nærliggjande og aktuelle kommunar i ein ny storkommune bør sjåast i samanheng.

Ved vurderinga av eventuelle strategiske tilpassingar vil det vera aktuelt å sjå på einskild-investeringar (dvs. slike som har eit visst omfang) og kor dei skal lokalisrast. Det samla låneomfanget er også aktuelt ut frå det som står i høyringsnotatet. Vi reknar likevel med at det i liten grad vil vera ei aktuell problemstilling at kommunar satsar på å ta opp store lån med sikte på å gjera seg lite attraktive for samanslåing, om ein slik strategi lukkast, vil det kunna skapa svært store problem for kommunen seinare.

Ordninga er meint for investeringar og leigeavtaler som har tilsvarende økonomiske verknader som (lånefinansierte) investeringar. Dei låna som er nemnde i kommunelova § 50, nr 2-6 (likviditetslån, vidare utlån, m.v.) bør kunna haldast utanom ordninga, ut frå dei omsyn som skal sikrast.

Kommunane er opptatt av at det skal vera kort saksbehandlingstid og departementet legg også til grunn at det skal vera effektiv saksbehandling og at svar skal gis innan rimeleg tid. Ein må her også vera klar over at saksbehandlinga for alle kommunar vil måtta skje nokolunde samstundes, i tida rett etter budsjettvedtaka i desember. Vi vil sjølvstøtt gjera vårt for å få til ei så rask saksbehandling som råd, men dersom føremålet med ordninga skal sikrast, må ein vera budd på at det kan gå med ei viss tid til dette. Her vil det også ha mykje å seia kor godt tilrettelagt saka er frå kommunane si

side. Trengst det rundar med avklaringar av vedtaksgrunnlag m.v. vil dette krevja ein del tid.

Med helsing

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Tor Olav Hauge
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Tor Olav Hauge
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 07
E-post: fmrotoh@fylkesmannen.no